



KUD

Dato: 12.06.2015  
Vår ref.: 2014/16935-6  
Saksbehandlar: anethom  
Dykkar ref.:

## Høyringsvar til rapporten Kunstens autonomi og kunstens økonomi

Vedtaket er sendt ut pr e-post 20.5.

Ronny Skaar  
utviklingssjef og seksjonsleiar kunst- og kulturformidling

Tone Stedal Haugland  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2015

**Mona Røsvik Strømme** sette fram slikt forslag:

"Ta ut punkt 8 frå innstillinga."

### Røysting

Innstillinga punkt 1-7 vart samrøystes vedteken.

Strømme sitt forslag vart vedteke mot 6 røyster (A, Sp, SV).

Innstillinga punkt 9-12 vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

1. *Kunstens autonomi og kunstens økonomi* presenterer eit godt og grunnleggande arbeid og er viktig materiale for vidare utvikling og utforming av kunstpolitikken både nasjonalt og regionalt.
2. Hordaland fylkeskommune ser positivt på at det vert lagt til rette for at kunstnarane kan få ytterlegare inntekter på arbeidet sitt, men det må vere ein realisme i korleis ein vurderer dette potensialet. Det må innrømmast at der er ulike utgangsposisjonar og ulike utfordringar i dei enkelte kunstartane / kunstnargruppane når det gjeld økonomisk potensiale. Det må ligge offentlege økonomiske støtteordningar i botn for kunstpolitikken, og ulikskapen i kunstartane må vere eit grunnlag for korleis ein utformer og handsamar verkemidla.
3. Hordaland fylkeskommune støttar tilrådinga om at det bør takast initiativ til ei større utgreiing om konsekvensar digitaliseringa har skapt for å skape og formidle kunst. Det er viktig at revisjonsarbeidet med Åndsverksloven betre sikrar inntekter for det verket kunstnaren har skapt, og at Åndsverkloven vert tilpassa den digitale utviklinga som skjer både på kunstområdet og i samfunnet elles.
4. Hordland fylkeskommune ser det som positivt om dei regionale kunstsentera får hand om utstillingsstipenda. Både stat og regionar bør i større grad nytte dei regionale kunstsentera som regionale ledd både i dette arbeidet og andre kompetansehevande og formidlande tiltak. Dette krev ei styrking av kunstsentera sine ressursar, då dei ofte er små einingar.
5. Hordaland fylkeskommune ser at det må leggest betre til rette for internasjonalisering i kunstlivet og blant enkeltkunstnarar, både for å fremje kunstnarleg utvikling og for å vidareutvikle økonomisk potensiale og marknad. Ein ber regjeringa ha eit særleg fokus på eventuelle følgjer av omlegginga av kunst- og kultursatsinga gjennom Utenriksdepartementet.
6. Hordaland fylkeskommune ser dei føreslåtte skattefrådraga som gode insentiv for å stimulere til kjøp av kunst og støtte av / investering i kunstforemål.
7. Hordaland fylkeskommune ser det som svært positivt at det vert sett fokus på at kunstnarar bør oppnå sosiale rettar og velferdsordningar på line med andre arbeidstakarar.
8. Hordland fylkeskommune merkar seg påpeikinga i kapittel 14 om at kunstpolitikken bør løftast som eige politikkområde også regionalt. Vi viser i den samanheng til den nyleg vedtekne regionale kulturplan PREMIS : KULTUR, spesielt innsatsområde 27. *Kunstløft – det profesjonelle kunstfeltet*.
9. Hordaland fylkeskommune ser seg nøgd med at rapporten synleggjer den effekten fylkeskommunale oppdrag har for økonomien til kunstnarane. Ein vil forsette å vidareutvikle både kunstformidlinga i skulen og kunstprosjekta i offentlege rom. I regional kulturplan har Hordaland fylkeskommune fremja forslag om å vidareutvikle Kunst i offentleg rom til også å gjelde anna anleggsverksemd, t.d.

samferdselsprosjekt.

10. Hordaland fylkeskommune si kunstformidling i skulen bruker rammeavtale forhandla fram av fylkeskommunar og Kunstnernettverket i 2012 og tariffavtale forhandla fram av Musikernes fellesorganisasjon(MFO) og Rikskonsertane. Det er trong for ein felles, bindande avtale for alle kunstuttrykk slik som tilrådd i rapporten, og fylkeskommunane har eit særleg ansvar for samhandling i denne saka. Staten må kompensere auka lønsutgifter slik at det ikkje inneber innskrenking i tilbodet til elevane.
11. Hordaland fylkeskommune ser det som problematisk, ut frå eit prinsipielt demokratisynspunkt, at det vert oppretta ein ny instans for forvaltning av kunst- og kunstnarpolitikken. Både om det skulle vere eit eige organ eller som ei avdeling under Norsk kulturråd. Kulturdepartementet og det politiske systemet må ta i vare og utvikle kunstpolitikken, med Kulturrådet og andre organ utanfor som kunnskapsressursar og som set den vedtekne kulturpolitikken ut i livet.